

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 28.04.05 **Tid:** 17.00-20.50

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste).

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 21, inkl. 4 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Øyvind Røen
Odd Lønnebakken
Frode Bjørnås
John Magne Bogevik

I staden møtte:

Solvor Aadland
Jan Ove Haga
Reidun Abotnes
Rolv Inge Nordbø

Andre som var tilstade på møtet: Adm.sjef Ramsli , ass.adm.sjef Våge og kommunekasserar Eikestad. Avd.ing. Steinsland orienterte i sak 15/05. Midthordland Revisjonsselskap v. Målfrid Bøthun møtte i sak 7/05.

Merknader: Jan Ove Haga fekk permisjon frå møtet under handsaminga av sakene 08/05-15/05, frå ca kl. 18.00-20.25.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 2. mai 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent slik den ligg føre med unnatak av at sak 15/05 skulle handsamast først.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:

Elin Liøen, Magda Haugen og Marit A. Aase vart valde.

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit stilte spørsmål om bruk av Vikafjæra og om det ligg føre ein avtale og om den inkluderar vedlikehald av plassen. Brigte Olav Gåsdaal orienterte om tidlegare munnleg avtale. Tveit viste til Hardanger folkeblad om kraftlinje til Bergen opp Børdalen. Har Statnett hatt kontakt med kommunen om dette, og kor har dei har tenkt å byggje ut denne linja. Ordføraren orienterte om eit møte kommunen har hatt med Statnett og at denne utbygginga no gjeld fram til Børdal. Vidareføring av linja til Bergen har ikkje vore tema no.

Arne Jørgensen stilte spørsmål om korleis kommunen tek i vare det overordna forvaltningsansvaret av Tysseelva med fisketrappa i høve til a.s SAFA si bygging av ny kraftgate. Adm. sjefen vil sjå nærare på kva ansvar kommunen har og fylgja opp dette. Jørgensen stilte også spørsmål om kven som kan ta avgjerd om det skal ankast eller ikkje i kårbusaka. Ordføraren svara at ho har teke avgjerda om ikkje å anka med bakgrunn i dei drøftingane ho refererte til under skriv og meldingar.

Arne Tverlid viste til at han som leiar i vilt- og innlandsfiskeremnda ville fylgja med i arbeidet.

Sigmund Dyrhovden viste til at kommunen tidlegare hadde rydda fleire stiar i kommunen, men at mange av dei no var delvis gjengrodde. Han meinte at kommunen burde ta eit særleg ansvar for "Prestavegen" og vedlikehald av denne stien til sommaren. Administrasjonen tek med seg utfordringa.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Adm.sjefen orienterte om at kommunestyret og kontrollutvalet ikkje lenger skal handsama **skatterekneskapan**, men får den til orientering.

Adm.sjefen orienterte om at det er inngått avtale med Askøy kommune om kjøp av **sekretærtenester for kontrollutvalet**. Kontrollutvalet har fått uttale seg i saka før adm.sjefen etter delegert fullmakt frå kommunestyret fatta vedtak.

Ordføraren orienterte om at kommunen ikkje vil anke dommen i heradsretten vedk. **kårhuset på Tyssealand**. Avgjerda vart fatta etter drøftingar i naturutvalet, personal- og økonomiutvalet og etter råd frå kommunen sin advokat samt etter møte med fylkesmannen.

Ordføraren viste til ein uttale til BIR om at det ikkje var ønskeleg med **søndagsopen gjenbruksstasjon**. Skrivet var delt ut til kommunestyrerepresentantane, og ordføraren kom

attende i slutten av møtet og ba om tilslutning frå kommunestyret til uttalen. Kommunestyret slutta seg til denne.

Adm.sjefen orienterte om at det vert arbeidd med ei sak om **breiband til Rolvsvåg og Eikedalen** i samsvar med tidlegare vedtak i kommunestyret. Etter planen vil saka verta lagt fram for kommunestyret i juni.

Fylkesmannen si uttale ("godkjenning") av **budsjett for 2005 og økonomiplan for 2005 – 2008** vart delt ut til medlemmane.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0007/05	05/00131 KOMMUNEREKNESKAPEN 2004.
0008/05	05/00010 ÅRSMELDING 2004
0009/05	03/00020 VAL AV NY REVISOR
0010/05	05/00042 GJENNOMGANG AV SAMNANGER KOMMUNE SOM ORGANISASJON
0011/05	04/00363 REVISJON AV PERSONALVEDTEKTER
0012/05	05/00107 TILLEGGSLØYVINGAR 2005
0013/05	04/00382 PRAKTISK BISTAND I HEIMEN - ENDRING I BETALINGSSATSAR
0014/05	04/00265 BETALINGSSATSAR SOSIALE TENESTER FRÅ 2005
0015/05	02/00400 FORPROSJEKT FOR SYMJEHALL (BASSENG) VED SAMNANGER UNGDOMSSKULE GODKJENNING OG FINANSIERING
0016/05	03/00410 FRAMLEGG TIL VEGNAMN

0007/05

KOMMUNEREKNESKAPEN 2004.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune tek Revisjonsmeldinga datert 06.04.05 til etterretning.
Kommunerekneskapen for 2004 for Samnanger kommune vert godkjent.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune tek Revisjonsmeldinga datert 06.04.05 til etterretning.
Kommunerekneskapen for 2004 for Samnanger kommune vert godkjent.

0008/05

ÅRSMELDING 2004

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune tek årsmeldinga for 2004 til orientering.

Handsaming i møte:

Jan Ove Haga fekk permisjon grunna brannutrykking, ca kl 18.00.
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune tek årsmeldinga for 2004 til orientering.

0009/05

VAL AV NY REVISOR

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune vel Noraudit ANS som revisor for Samnanger kommune, under følgjande føresetnader:

- Avtaleperiode frå 01.10.2005 til 31.12.2007, med vidare opsjon på 1+1 år.
- Fastprisen gjeld ut 2007.

Handsaming i møte:

Administrasjonssjefen orienterte i møtet om at det var avklara at tilbodet frå Noraudit ans var i samsvar med førespurnaden, dvs. at fastprisen gjeld ut 2007.
Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune vel Noraudit ANS som revisor for Samnanger kommune, under følgjande føresetnader:

- Avtaleperiode frå 01.10.2005 til 31.12.2007, med vidare opsjon på 1+1 år.
- Fastprisen gjeld ut 2007.

0010/05

GJENNOMGANG AV SAMNANGER KOMMUNE SOM ORGANISASJON**Framlegg til vedtak::**

Kommunestyret sitt vedtak i sak 40/04 vedrørende forvaltningskontroll av kommunale tenester og ytingar m.v., og med reduksjon av kommunen sine utgifter med 5% vert oppheva. Kommunestyret vedtek at PØ skal arbeida med mål og strategiar for vidare utvikling av kommunen.

Kommunestyret set deretter ned mindre arbeidsgrupper med representantar frå administrasjonen, folkevalde og tillitsvalde til å vurdere dei ulike einingane. Mandatet skal og omfatta vurdering av interkommunalt samarbeid, kjøp/sal av tenester.

Handsaming i møte:

Sture Tveit sette fram følgjande framlegg til vedtak: "Første avsnitt uendra i forslag frå PØ. Andre avsnitt: Kommunestyret set deretter ned mindre arb.grupper med repr. frå folkevalde og tillitsvalde til å vurdere dei ulike einingane. Resten som tilrådinga."

Det vart røysta alternativt over tilrådinga frå personal- og økonomiutvalet og framlegget frå Tveit.

18 røysta for tilrådinga frå PØ og 2 røysta for Tveit sitt framlegg.

Vedtak:

Kommunestyret sitt vedtak i sak 40/04 vedrørende forvaltningskontroll av kommunale tenester og ytingar m.v., og med reduksjon av kommunen sine utgifter med 5% vert oppheva. Kommunestyret vedtek at PØ skal arbeida med mål og strategiar for vidare utvikling av kommunen.

Kommunestyret set deretter ned mindre arbeidsgrupper med representantar frå administrasjonen, folkevalde og tillitsvalde til å vurdere dei ulike einingane. Mandatet skal og omfatta vurdering av interkommunalt samarbeid, kjøp/sal av tenester.

0011/05

REVISJON AV PERSONALVEDTEKTER**Framlegg til vedtak::**

Dei reviderte personalvedtektene vert vedtekne slik dei ligg føre med følgjande endringar:

Pkt. 1.4.5. Øyremarka midlar til arbeidsmiljøtiltak:

"I samband med årsbudsjettet skal det vurderast å setja av øyremarka midlar til arbeidsmiljøtiltak".

Pkt. 3.23. Mynde til oppseiing:

"Arbeidsgjevar si avgjerd om oppseiing vert teken av:

- *Administrasjonssjef (for alle andre stillingar enn adm.sjef og ass.adm.sjef)*
- *Personal- og økonomiutvalet (for ass.adm.sjef)*
- *Kommunestyret (for adm.sjef)"*

Pkt. 5.3. Velferdspermisjonar:

Følgjande underpunkt vert lagt til i pkt. 5.3:

"Fri med løn for arbeidstakarar som fyller 50 og 60 år, når fødselsdagen fell på ein arbeidsdag."

Pkt. 5.3.6. Velferdspermisjon i samband med idrettsarrangement:

Følgjande setning vert lagt til:

"Tilsette som kvalifiserer seg til/vert tekne ut til finale i Noregsmeisterskap: Inntil 4 dagar."

Pkt. 5.5.1. Permisjon verv og ombod:

"Arbeidstakarar som har permisjon for utøving av offentlege verv, får permisjon med løn. (2. 3. og 4. avsnitt på side 26 i administrasjonssjefen si tilråding går ut.)"

(Dei 3 første avsnitta i pkt. 5.5.1 vert ståande som i administrasjonssjefen si tilråding, avsnitt 4 vert forandra, og avsnitt 5, 6 og 7 går ut.)

Pkt. 8.1. Tilstellingar

"Ein gong i året kallar kommunen sentralt inn dei som har jobba i kommunen i 25 år, frå alle einingane.

Ein gjer litt stas på dei med eit lite måltid, gåve, blomster.

Gåva bør overrekkeast av administrasjonssjef eller ordførar.

Den einskilde arbeidsplassen kan i tillegg markere det internt.

Sameleis kan eininga/avdelinga skipa til ei enkel tilstelling ved at tilsette sluttar etter 10 år eller meir."

Pkt. 8.2. Ansvar for tilstellingar:

"Det er kommunen sentralt som har ansvar når ein tilsett har "25-årsjubileum".

Ved interne tilstellingar har eininga/avdelinga ansvar."

Handsaming i møte:

Olaug Øystese bad om gruppemøte, møtet vart mellombels heva.

Olaug Øystese sette fram følgjande framlegg; Pkt 4.14. Tilsetjingsutvalet: "Reglar for tilsetjingsutvalet i pkt. 4.14. i personalvedtektene vert behaldne slik dei er i dag."

Det vart røysta alternativt over tilrådinga og framlegget til Øystese.

12 røysta for tilrådinga og 8 røysta for Øystese sitt framlegg. Tilrådinga vart vedteken.

Vedtak:

Dei reviderte personalvedtektene vert vedtekne slik dei ligg føre med følgjande endringar:

Pkt. 1.4.5. Øyremarka midlar til arbeidsmiljøtiltak:

"I samband med årsbudsjettet skal det vurderast å setja av øyremarka midlar til arbeidsmiljøtiltak".

Pkt. 3.23. Mynde til oppseiing:

"Arbeidsgjevar si avgjerd om oppseiing vert teken av:

- *Administrasjonssjef (for alle andre stillingar enn adm.sjef og ass.adm.sjef)*
- *Personal- og økonomiutvalet (for ass.adm.sjef)*
- *Kommunestyret (for adm.sjef)"*

Pkt. 5.3. Velferdspermisjonar:

Følgjande underpunkt vert lagt til i pkt. 5.3:

"Fri med løn for arbeidstakarar som fyller 50 og 60 år, når fødselsdagen fell på ein arbeidsdag."

Pkt. 5.3.6. Velferdspermisjon i samband med idrettsarrangement:

Følgjande setning vert lagt til:

"Tilsette som kvalifiserer seg til/vert tekne ut til finale i Noregsmeisterskap: Inntil 4 dagar."

Pkt. 5.5.1. Permisjon verv og ombod:

"Arbeidstakarar som har permisjon for utøving av offentlege verv, får permisjon med løn. (2. 3. og 4. avsnitt på side 26 i administrasjonssjefen si tilråding går ut.)"

(Dei 3 første avsnitta i pkt. 5.5.1 vert ståande som i administrasjonssjefen si tilråding, avsnitt 4 vert forandra, og avsnitt 5, 6 og 7 går ut.)

Pkt. 8.1. Tilstellingar

"Ein gong i året kallar kommunen sentralt inn dei som har jobba i kommunen i 25 år, frå alle einingane.

Ein gjer litt stas på dei med eit lite måltid, gåve, blomster.

Gåva bør overrekkjast av administrasjonssjef eller ordførar.

Den einskilde arbeidsplassen kan i tillegg markere det internt.

Sameleis kan eininga/avdelinga skipa til ei enkel tilstelling ved at tilsette sluttar etter 10 år eller meir."

Pkt. 8.2. Ansvar for tilstellingar:

"Det er kommunen sentralt som har ansvar når ein tilsett har "25-årsjubileum".

Ved interne tilstellingar har eininga/avdelinga ansvar."

0012/05

TILLEGGSLØYVINGAR 2005**Framlegg til vedtak::** Samnanger kommune løyver følgjande tilleggsløyvingar 2005;

- ✓ Ras Liavegen kr. 165.000,-.
- ✓ Rettsak byggjesak Tysseland kr. 249.000,-.

Summen på kr. 414.000 vert å ta frå tidlegare års overskot i rekneskapen.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune løyver følgjande tilleggsløyvingar 2005;

- ✓ Ras Liavegen kr. 165.000,-.
- ✓ Rettsak byggjesak Tysseland kr. 249.000,-.

Summen på kr. 414.000 vert å ta frå tidlegare års overskot i rekneskapen.

0013/05

PRAKTISK BISTAND I HEIMEN - ENDRING I BETALINGSSATSAR**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune vedtek følgjande betalingsattsar for praktisk bistand i heimen;

Som betalingsgrunnlag vert rekna **allmen inntekt før særfrådrag frå siste kjende likning.**For alle brukarar som har inntekt under 2G gjeld ei abonnementsordning for heimetenesta på **kr 150,.** Pr. måned uavhengig av hjelpeomfanget.Timepris er **kr 75,-** for under 2 timar hjelp pr. måned.

- For brukarar som har over 2 G i inntekt og som får **mindre enn 4 timar** hjelp i månaden skal det betalast pr. time
- For brukarar som har over 2 G i inntekt og får **4 timar eller meir hjelp i månaden** skal det betalast etter ordning med abonnement, noko som inneber ei fast betaling pr. måned uavhengig av hjelpeomfanget.

Inntekt	Abonnement	Pris pr. time
Under 2 G	150	75
2 – 3 G	449	112
3 – 4 G	800	190
Over 4 G	1150	225

Handsaming i møte:

Vedteke mot 1 røyst.

Vedtak:

Samnanger kommune vedtek følgjande betalingssatsar for praktisk bistand i heimen;

Som betalingsgrunnlag vert rekna **allmen inntekt før særfrådrag frå siste kjende likning.**

For alle brukarar som har inntekt under 2G gjeld ei abonnementsordning for heimetenesta på **kr 150,.** Pr. måned uavhengig av hjelpeomfanget.

Timepris er **kr 75,-** for under 2 timar hjelp pr. måned.

- For brukarar som har over 2 G i inntekt og som får **mindre enn 4 timar** hjelp i månaden skal det betalast pr. time
- For brukarar som har over 2 G i inntekt og får **4 timar eller meir hjelp i månaden** skal det betalast etter ordning med abonnement, noko som inneber ei fast betaling pr. måned uavhengig av hjelpeomfanget.

Inntekt	Abonnement	Pris pr. time
Under 2 G	150	75
2 – 3 G	449	112
3 – 4 G	800	190
Over 4 G	1150	225

0014/05

BETALINGSSATSAR SOSIALE TENESTER FRÅ 2005**Framlegg til vedtak::**

Betalingssatsar sosiale tenester frå 2005.

Justeringar av sosialsatsane 2005/06 vert vedtekne slik det kjem fram i utkastet som ligg føre.

Satsane vert gjort gjeldande frå 01.05.05/01.01.06.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Betalingssatsar sosiale tenester frå 2005.

Justeringar av sosialsatsane 2005/06 vert vedtekne slik det kjem fram i utkastet som ligg føre.

Satsane vert gjort gjeldande frå 01.05.05/01.01.06.

0015/05

**FORPROSJEKT FOR SYMJEHALL (BASSENG) VED SAMNANGER
UNGDOMSSKULE
GODKJENNING OG FINANSIERING**

Framlegg til vedtak::

Kommunen rehabiliterer bassenget på ungdomsskulen i tråd med planar frå Asplan Viak og kostnadsoverslag frå same firma dagsett april 2005. Meirkostnaden i høve til avsette midlar i budsjettet vert dekkja ved opptak av eksterne lån (dvs. ikkje ”skulelån”). Det skal leggjast stor vekt på å halde framdriftsplanar , dvs. fullført i 2005.

Handsaming i møte:

&&& Fyll inn handsaming av saken under denne linjen ↓

Avd. ingeniør Knut Steinsland orienterte om prosjektet og om kostnadane.

Magda Haugen sette fram følgjande framlegg: ”Grunna den store auken i kostnadene med rehabilitering av bassenget på Samnanger ungdomsskule må kommunestyret ta ein ny prinsipiell debatt i denne saka. Administrasjonen må leggja fram ulike alternativ for plassering av nytt basseng i kommunen. Saka må koma opp til handsaming i juni månad 2005.”

Olaug Øystese bad om gruppemøte, og møtet vart mellombels heva.

Det vart røysta alternativt over innstillinga frå PØ og Haugen sitt framlegg.

16 røysta for innstillinga og 5 røysta for Haugen sitt framlegg.

&&& Fyll inn handsaming av saken over denne linjen ↑

Vedtak:

&&& Fyll inn vedtaket i saken under denne linjen ↓

Kommunen rehabiliterer bassenget på ungdomsskulen i tråd med planar frå Asplan Viak og kostnadsoverslag frå same firma dagsett april 2005. Meirkostnaden i høve til avsette midlar i budsjettet vert dekkja ved opptak av eksterne lån (dvs. ikkje ”skulelån”). Det skal leggjast stor vekt på å halde framdriftsplanar , dvs. fullført i 2005.

&&& Fyll inn vedtaket i saken over denne linjen ↑

0016/05

FRAMLEGG TIL VEGNAMN

Framlegg til vedtak::

1.Samnanger kommune sluttar seg til forskrift for vegnamn § 2.pkt. 3. Utvalet ønskjer oversikt over vegar som fell utanfor forskrifta sine kriteria, for å vurdere desse særskilt.

2. Utvalet som vart oppnemnt i kommunestyresak 44/04 arbeider vidare med plan for adressering og namnsetjing av vegar i Samnanger kommune. Dette utvalet skal:

- Vera styringsgruppe for det arbeidet administrasjonen skal gjera for å arbeida fram eit plandokument i saka.

- Koma med framlegg til namnsetjing av vegane på grunnlag av ”Forskrift – adressesildeling og namnsetjing av vegar i Samnanger kommune”.
- Arbeida med finansiering mellom anna med å finna andre aktørar som kan vera med å yta økonomisk støtte for gjennomføring av prosjektet.
- Følgja framdriftsplanen som administrasjonen har laga i høve arbeidet med saka.

Saka bør vera ferdig handsama i administrasjonen og klar til politisk handsaming innan april 2006.

Handsaming i møte:

[&&& Fyll inn handsaming av saken under denne linjen ↓](#)

Jan Ove Haga kom tilbake til møtet ca. kl 20.25.

Magda Haugen bad om at ho som sakshandsamar i saka å verte vurdert som ugild. Ho vart samrøystes funnen ugild og gjekk ifrå under handsaminga.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

[&&& Fyll inn handsaming av saken over denne linjen ↑](#)

Vedtak:

[&&& Fyll inn vedtaket i saken under denne linjen ↓](#)

1. Samnanger kommune sluttar seg til forskrift for vegnamn § 2.pkt. 3. Utvalet ønskjer oversikt over vegar som fell utanfor forskrifta sine kriteria, for å vurdere desse særskilt.

2. Utvalet som vart oppnemnt i kommunestyresak 44/04 arbeider vidare med plan for adressering og namnsetjing av vegar i Samnanger kommune. Dette utvalet skal:

- Vera styringsgruppe for det arbeidet administrasjonen skal gjera for å arbeida fram eit plandokument i saka.
- Koma med framlegg til namnsetjing av vegane på grunnlag av ”Forskrift – adressesildeling og namnsetjing av vegar i Samnanger kommune”.
- Arbeida med finansiering mellom anna med å finna andre aktørar som kan vera med å yta økonomisk støtte for gjennomføring av prosjektet.
- Følgja framdriftsplanen som administrasjonen har laga i høve arbeidet med saka.

Saka bør vera ferdig handsama i administrasjonen og klar til politisk handsaming innan april 2006.

[&&& Fyll inn vedtaket i saken over denne linjen ↑](#)